



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler:	Dato:
20190746	13.08.2025	25/19905 -	Håkon Slutaas -	05.09.2025
3-75		25/142457		

## Høring - Tilleggsinformasjon om hydrologi og kost-nyttevurdering for synspunkter

Vi viser til revisjonsdokumentet for Åmelavassdraget og tilleggsutgreiingane frå Sweco. På bakgrunn av dette ønsker vi å gi følgande innspel til revisjonsprosessen:

I gjeldande regional vassforvaltningsplan er Åmelavassdraget ikkje prioritert for minstevassføring. Dette er med bakgrunn i prioriteringa i rapport 49/2013, der Åheimselva og Norddalselva ved ein feil ikkje vart med i vurderingane. Politisk er det derfor ikkje tatt stilling til om vassdraget skal prioriterast for minstevassføring og høyringsfristen gjer at det ikkje var mogleg med politisk behandling. Møre og Romsdal fylkeskommune tar derfor ikkje konkret stilling til om minstevassføring bør etablerast .

### **Krafttap, miljøverdi, påverknad og potensial for miljøforbetring:**

Basert på estimert krafttap utgjer krafttapet under 5 % av produksjonen (i Norddalselva ca. 2 % krafttap). Dette inneber mellom anna at slipp i Norddalselva kan klassifiserast som lavt etter prioriteringskriteria i NVE-rapport 49/2013 (krafttapskategori KT1, jf. tabell 5.4). I Åheimselva er krafttapet vurdert til 1,38 GWH, som er lavt satt opp mot produksjonen i vassdraget.

Åheimselva har stor verdi for fiske, men effekt av minstevassføring er mindre. Norddalselva har hatt større fangst av laks før regulering og her er både effekten av regulering og vasslepp større. Slepp av Q95 gir teoretisk 18–26 % auke i fiskeproduksjon i nedre del av Norddalselva, men habitattiltak og miljødesign vil kunne forsterke effekten. Opning av Sarpefossen vil doble anadrom strekning, og minstevassføring vil auke fiskeproduksjonen her med 36-54 % ved samløp Sandfjellelva.

Vi vurderer at i Norddalselva, etter metodikk i NVE-rapport, er krafttapet lavt, miljøverdien middels stor og effekten av minstevassføring stor nok til at vassdraget kunne blitt prioritert for minstevassføring.

For Åheimsvassdraget er verdien også høg, der krafttapet er lavt, men effekten av minstevassføringa er mindre. Men datagrunnlaget for vurdering er usikkert.

Dokument peiker på at analysen er basert på eit lavt datagrunnlag, og flaskehalseffekter som tørrlegging av elv osv. er ikkje godt nok med i grunnlaget. Effekt av minstevassføring og ulike slippscenarior på vassdekt areal, fiskeproduksjon og kombinasjon med habitattiltak og miljødesign og fiskevandringstiltak i Sarpefossen bør utgreiast betre for å få gode kost-nyttevurderingar.

Med hilsen

Birgit Aarønæs  
seksjonsleiar

Håkon Slutaas  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*